

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
5183770/Varslingsbrev_2018_06_13

Dato:
2018-06-14

Varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering KV1133 Myrvollane til Hestdal

I medhald av plan- og bygningslova vert det varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for Meland vassbehandlingsanlegg og Håtuftvegen mellom anlegget og krysset med Fylkesveg 246 Melandsvegen. Forslagsstillar er Meland kommune, Norconsult AS er plankonsulent. Meland formannskap har i møte 13. juni 2018 slutta seg til oppstart av planarbeidet.

Planen skal legge til rette for å utbetre og legge om Håtuftvegen utenom gardstuna samt regulere areal for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal. Bakgrunnen for reguleringa er at det må leggjast nye vass- og avlaupsleidningar frå det nye planlagte vassbehandlingsanlegget for å sikre nok vatn til innbyggjarane i kommunen.

Området er i kommuneplan for Meland 2015-2026 avsett til LNF-område, LNF-område med spreidd bustadbygging og offentleg tenesteyting.

Planavgrensa som er vist i vedlegget viser eit område på ca. 104 daa og omfattar eigedommane gnr./bnr.:

30/1, 30/2, 30/3, 30/4, 30/5, 30/9, 30/10, 30/11, 30/13, 30/14,
16/1, 16/13, 16/46
og F246

Det endelege planområdet kan bli mindre enn det som er vist her. Endeleg planavgrensing vil bli fastsett gjennom arbeidet med planen.

Spørsmål kan rettast til Norconsult ved Ragne Rommetveit, tlf 454 04 515.

Innspeil til planarbeidet kan sendast skriftleg til Norconsult AS, Postboks 1199, 5811 Bergen eller på e-post: firmapost@norconsult.com. **Frist for innspel er 18. juli 2018.** Det er ikkje naudsynt å sende kopi til Meland kommune. Merknadar og innspel vert handsama av Norconsult og følger saka.

For Meland kommune

Med vennleg helsing
Norconsult AS

Ragne Rommetveit
(Sign.)

Vedlegg: Framlegg til planområde